



KONKURRERER: Lina Vågene, Charlotte Aga og Ane Jørgine Frøyen i fremste rekke Kjell M Mølster, Maren Hole Nesbø og Nicolai Belsvik er klare for MMS bilde og grimasekonkurransen til involver-
 yourself.com. Alle foto: Olav Hatlemark

Grimasar for flyktningsaka

FLORØ: Dei norske ungdommane «Ida» og «Kristian» i vill flukt gjennom skogen, svoltne, dødsredde og utslitne på veg mot grensa. Det har vore statskupp i Norge.

OLAV HATLEMARK
 olav.hatlemark@firdaposten.no

Ida og Kristian er blitt flyktningar. I gymsalen til Flora vidaregåande sit fleire hundre elevar frå trygge Sunnfjord og stira fjetra mot lerretet i enden av salen.

Dramatisk og skremmande i sterk kontrast til grimasekonkurransen etterpå...

Opne kjenslene

Representantar for fem store ungdomsorganisasjonar er på Flora vidaregåande skule for å vekke ungdom til forståing for korleis det er å vere flyktning.

Gje dei ei kjensle av korleis det kjennest å flykte frå rå valdsmakt, og ende i ein flyktningleir med eitt mål for auget; snarast muleg å komme seg tilbake til heimetraktene så snart sjansen skulle by seg.

For det er nesten alltid slik at det ein flyktning ønskjer, er å komme heim att til gata og hei-

men sin... Dramaet blir skildra på film, og teater. Av same skodespelarar som plutsleg står ute på kantane av gymsalen og skaper ein ny illusjon, der dei levande lyser og leitar etter sine kjære med lommelykter mot elevane i salen.

Ida og Kristian har berga seg over grensa og er nettopp komne til flyktningleiren. Framme på scena står ein forteljar og bind heile historia i hop med nakne fakta og tal.

Kjenner det

Lyden av maskingevær, skarpe pistolskot og desperate skrik, bryt samstundes ut frå fire høge høgtalarar gjennom den stille

forsamlinga. Då kunne det vere bra å avreatere etterpå ...

- Det får deg verkeleg til å tenkje korleis det er å vere flyktning. Du merka det på kroppen, seier venninnene Silje Aga Larsen, Steine Henningsen og Siv Andal.

Offera for krigen er ikkje nett det dei vanlegvis tenkjer mest på til dagen.

Spelet fekk dei også til å tenkje litt over korleis det er å vere innvandrar og flyktning i Florø.

- I dag har vi ikkje direkte kontakt med innvandrarar i Florø. Vi kjende eit par tidlegare. Får eg spørsmål om det trur eg at ville hjelpe, seier Andal.

Flora vidaregåande skule er ein av 20 vidaregåande skular i

Norge som får besøk av Unge Representantar frå Changemaker, PRESS, Redd Barna Ungdom, Norsk Folkehjelp Ungdom, Røde Kors Ungdom og Flyktningehjelpen med samarbeidsprosjektet «Involve yourself».

Responen var veldig bra på skulen i Florø, sjølv dei toffaste gutane sat musestille og følgde med på dramaet, konkluderte prosjektleiar Caroline Reinskou. Ho registrerte også stort engasjement etterpå. Då samla dei elevane i fem store grupper, orienterte om organisasjonane og fordelte arbeidsoppgåver retta mot ei stor landsdekkjande konkurranse, å lage beste SMS-bildet.



PÅ GOLVET: Mønster på golvet kan vere eit godt fotomotiv...



FOTOGEN: Litt ekstra utstyr må til for å få eit godt bilde. Daniel Aguirre har ikkje noko imot å vere morosamt fotomotiv for kompisane.